


SOGN OG FJORDANE TEATER



# FYSIKARANE



FRIEDRICH DÜRRENMATT

SoFt

Sogn og Fjordane Teater

# FYSIKARANE

---

Tenk deg ei oppfinning som kan utslette alt livet på jorda, og så tenk deg at denne oppfinninga hamnar i hendene på den galnaste av dei alle. Heilt fjernt frå dagens verkelegheit er det kanskje ikkje...?

*Fysikarane* av Friedrich Dürrenmatt er ein svart komedie, skriven i 1962, under den kalde krigen. Tre fysikarar er innestengde på lukka avdeling. Den eine trur han er Einstein, den andre trur han er Newton og den tredje er overtydd om at Kong Salomon openberrar seg for han. Nei, feil! Galskapen er berre eit skalkeskjul.

Den eine fysikaren vil beskytte verda mot si eiga oppfinning og latar som om han er djupt forstyrra. Dei to andre er spionar på oppdrag for verdsmaktene, og også dei må late som om dei er utilreknelege for å få eigarskap til ei oppfinning som vil gi uendeleg makt og verdsherredømme. På scena er det totalt kaos. 5 skodespelarar går inn og ut av 12 ulike karakterar. Dei stel replikkar frå kvarandre og skiftar kostyme framfor alle. Det som utspeler seg er det glade vanvit.

Publikum blir utstyrt med øyreklokker som dei skal ha på under heile framsyninga. Det gjer dette til ei heilt annleis teateroppleving. Ei ulande blålyslampe, knirkande dører og utilrekneleg babling – alle lydane kryp gjennom kablar og rett inn på øyret ditt og lukkar deg inne i ditt eige, private galehus.

## SPELEPLAN

### FØRDEHUSET, TEATERSALEN

2. februar kl 19:00 **Première**

### FØRDEHUSET, TEATERSALEN

3. februar kl 18:00

### ÅLHUS, BORGJA

6. februar kl 19:00

### INNVIK, STRYKHALLEN

7. februar kl 19:00

### HAUGE, BREMANGERHALLEN

8. februar kl 19:00

### DALE, FJALERHALLEN

9. februar kl 19:00

### SANDANE, TRIVSELSHAGEN

12. februar kl 19:00

### BREKKE, RISNEHALL

13. februar kl 19:00

### VIK, BLIKXHALLI

14. februar kl 19:00

### LEIKANGER, SAFTEN

15. februar kl 19:00

### SOGNDAL KULTURHUS

16. februar kl 19:00

### FØRDE, TEATERSALEN

17. februar kl 18:00

## BILLETTAR

[softeater.no/billetter](http://softeater.no/billetter)

AV  
**FRIEDRICH DÜRRENMATT**

OMSETJING  
**IDUN LOSNEGÅRD**  
**KYRRE EIKÅS OTTERSEN**  
**REIDUN MELVÆR BERGE**

REGI OG VISUELT UTTRYKK  
**BODIL KVAMME**

LYSDESIGN  
**KRYSTIAN MYSKA**

LYD  
**ROBERT TOMKIEWICZ**

MEDVERKANDE  
**IDUN LOSNEGÅRD**  
**KYRRE EIKÅS OTTERSEN**  
**REIDUN MELVÆR BERGE**  
**LASSE LINDBERG**  
**THOMAS BIPIN OLSEN**

TEATERFORLAGET FOLMER HANSEN



Idun Losnegård



Kyrre Eikås Ottersen



Reidun Melvær Berge



Lasse Lindberg



Thomas Bipin Olsen

# TEATERÅRET 2018



## PÅ LOKALET (2.-24. mars)

I 2016 turnerte danse-teateret "På lokalet" rundt omkring på ungdomshus i heile fylket, og no er det klart for ønskereprise! Det blir hælane i taket og høgt tempo på dansegolvet. Dansarane går inn og ut av tidsriktige klede og dansetrinn. Vi er innom etterkrigstida med leggevotn og hårrullar. 50-talet med boggie-woogie og store underskjørt. 60-talet med gabardinbukser og heimespøta kofter. 70-talet med slengbukser og rysjeskjorter og avsluttar i 80-talet med pastellfargar og skulderputer. Her er både nostalgisk musikk og detaljar å fortape seg i. Velkommen til fest på lokalet!



## MARIA MAGDALENA - JESU VIRKE (16.-25. mars)


I to år på rad har teateret vist «Miriam si forteljing - Juleevangeliet» i kyrkjer rundt omkring i fylket. No kjem «Maria Magdalena - Jesu virke», nummer to i triologien der tre kvinner gir sin versjon av evangeliet om Jesus. Vi følgjer den einslege stemma til Reidun Melvær Berge på den farefulle ferda. Gjennom Maria kjem vi nærare Jesus, men også nærare eit historisk faktum som ofte hamnar i skuggen. I Jesus' følge var det fleire kvinner, mange av dei redda frå onde ånder og sjukdom. Dei hadde ein plass i lyssirkelen rundt leirbålet saman med disiplane, og dei risikerte livet ved å reise rundt og misjonere.



## YOGAKRIGEN (12.09 - 06.10)

Yogakrigen er ny, nynorsk dramattikk med urpremière på Sogn og Fjordane Teater. Det er ei drøymande, assosierande framsyning innanfor rammene av ein streng disiplin. I dette stykket vert publikum stengde inne i teateret sin blackbox i ein yogatime saman med fem damer som alle har sitt å stri med. Kvinnene går på yoga for å sleppe unna kvardagen for ei stund. Men på matta er det kvardagen som står i djup strekk med musklar som dirrar under presset.

FØLG OSS PÅ:



Sjå [softeater.no](http://softeater.no) for informasjon om dato og billetter

